

---

**Fra:** post@gripengard.no  
**Sendt:** onsdag 11. desember 2019 15:59  
**Til:** Arnhild Kannelønning  
**Emne:** Re: PÅMINNING RAPPORTERING: 19/13602 Tildeling av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2019

Hei!

Eg har ikkje klart å få nokon til å hjelpe meg med denne jobben, så eg får prøve å søke igjen seinare. Takk uansett fordi de ville bidra. Vonar pengane kan brukast til andre gode føremål. Tenk om dei kunne vorte omdirigert til Eliashuset???DEt prosjektet treng sårt pengar, og er viktig for Holsnøy og det som enno er Meland kommune.

Beste helsing  
Helene Olli Sollid,  
Gardbrukar og altmuligoter  
Gripen gard  
Gripavegen 86, 5918 Frekhaug  
56176416/99293971

On 11 December 2019 at 15:10:48 +01:00, Arnhild Kannelønning  
<[arnhild.kannelonning@meland.kommune.no](mailto:arnhild.kannelonning@meland.kommune.no)> wrote:

Hei,

Viser til tidlegare tilsendt skriv *Tildeling av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2019* (vedlagt): Oppgjeven frist for rapportering gjeldande tilskot til forsamlingshus, kulturminnevern og leikeplassar var 15. november 2019. Me kan ikkje sjå å ha motteke rapportering frå dykk. Jmf. pkt. 1 h i *Retningsliner for tildeling av kulturmidlar i Meland kommune* (vedlagt), vil tilskot vil verte kravd tilbakebetalt dersom ikkje grunnlaget for tildelinga lenger er til stades, dei generelle vilkåra er brotne eller tiltaket ikkje har vorte gjennomført.

Me ber dykk senda inn **rapportering snarast og innan onsdag 18.12.2019**, slik at me kan få handsama og ferdigstilla alle sakene før årsskiftet 2019/2020. På førehand takk for hjelpa!

Med venleg helsing

Arnhild Kannelønning

Kulturkonsulent

Tlf: 56 17 10 65 / 10 00 Mob: 975 15 928

E-post: [arnhild.kannelonning@meland.kommune.no](mailto:arnhild.kannelonning@meland.kommune.no)



**Meland kommune**  
*-Eit samfunn for alle-*